



Eli-Merethe Hjortland
Hjortlandsvegen 230
5135 FLAKTVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1466 - 21/18854

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
18.03.2021

Kommentar til Tilleggsopplysninger i sak om veg på gbnr 84/4 Kvalvågnes

Vi viser til din e-post 15.03.2021.

Du har fått eit førebels svar på søknad, der vi ber om tilleggsopplysningar. Dette er ikkje eit enkeltvedtak som du kan klaga på. Det er kommunen sitt råd om kva som trengst for gjera ei realitetsbehandling av søknaden etter plan- og bygningslova.

Vi har ikkje funne ein godkjent hytteplan for dette området. Det som finst i byggesaksarkivet er delings- og byggesaker for enkelttomter. Alle sakene viser at det er lagt opp til fellesparkering og ikkje bilveg fram til hyttene. Det er ikkje dokumentert at det er søkt om eller godkjent bilveg heilt fram til tomtene.

Opprusting av landbruksveg er det landbruksstyresmaktene som forvaltar. Statusendring til bilveg for hytter er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og treng dispensasjon frå LNF- føremålet i kommunedelplanen og byggeforbodet i strandsona.

Hytteområdet er lagt inn som byggeområde for hytter i kommunedelplan for Lindåsosane med Lurefjorden og Lygra. Byggegrensa mot sjø går rundt det oransjefarga hytteområdet.

Dersom du ikkje søker om dispensasjon, kan kommunen avvise søknaden din. Det vil vera eit enkeltvedtak som du har rett til å klaga på.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eli-Merethe Hjortland
Nils Gullak Kvalvågnes

Hjortlandsvegen 230
Kvalvågnesvegen 681

5135
5956

FLAKTVEIT
HUNDVIN

Mottakarar:

Eli-Merethe Hjortland
Nils Gullak Kvalvågnes

Hjortlandsvegen 230
Kvalvågnesvegen 681

5135
5956

FLAKTVEIT
HUNDVIN